



Kaland Trelast AS
Keilevegen 45
5953 FONNES

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/240 - 17/4581

Saksbehandlar:
Stian Marøy
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:
07.04.2017

Byggesak Gbnr 24/304 Bø - Einebustad - endring av løyve til tiltak

Delegasjonssak nr.: 091/2017

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Tiltakshavar: Helene Marøy
Ansvarleg søkjar: Kaland Trelast AS
Søknadstype: Søknad om endring av gitt tillatelse

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av tillatelse til tiltak i eitt-trinn i sak 026/2017 for oppføring av einebustad. Det er i søknaden opplyst at søknad om endring gjeld endra plassering av einebustaden og endra plassering av fremtidig garasje.

Det vert elles vist til endringssøknad mottatt 31.03.2017 og løyve i eit-trinn av 14.02.2017, sak 026/2017.

Nabovarsel

Endra plassering er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3 den 06.03.17. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering er tidlegare godkjent i samsvar med situasjonsplan datert 05.01.17.

Endringene er vist i situasjonsplan med revisjonsdato A/06.03.17 og terrengprofil med revisjonsdato A/07.03.17. Endringene medfører at bolighus blir flyttet 1,5 m mot øst og 2,5 m mot sør. Fremtidig garasje er plassert lengre mot sør.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Endringa medfører ikkje endring i tilkomst og avkjørsle.

Endringa medfører endring i plassering av biloppstillingsplass og framtidig garasjeplassering.

Situasjonsplanen rev. A/06.03.17 viser oppstillingsplass for 2 bilar og framtidig garasjeplassering.

Revidert situasjonsplan viser ikkje snuhammer. Areal ved biloppstillingplass/garasje må opparbeidast slik at det vert mogleg å snu på eiga eigedom.

Oppføring av garasje må det søkjast om i eiga sak.

VURDERING

Det er bygningsstyresmakta sin vurdering at endring kan godkjenast som omsøkt. Det må setjast krav om at det vert opparbeidd areal for å snu med bil på eiga grunn.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a, 20-2 a og 20-3 vert det GODKJENT endring av vedtak i sak 026/2017 som omsøkt på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan med revisjonsdato A/06.03.17 og terrengprofil med revisjonsdato A/07.03.17 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Det skal opparbeidast areal ved biloppstillingsplass som gjer det mogleg å snu på eiga grunn.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 17/240

1. Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 11.12.14 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.8 Delt sakshandsaming

kr 2 700

Totalsum kr 2 700

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt sakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Stian Marøy
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helene Marøy

Austrheimsvegen 5943
1257

AUSTRHEIM

Mottakere:

Kaland Trelast AS

Keilevegen 45 5953

FONNES